

Statsforvaltaren I Vestland Avd Førde
Fjellvegen 11
6800 Førde

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/3302 - 23/5375

Saksbehandlar:

Martin Ivar Henden

Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:

18.04.2023

48/3 - Klage. Avslag på vedtak frå forskrift om bygging av landbruksveg.

Osterøy kommune har motteke klage frå Audun Rolland på delegert vedtak i sak 385/22 etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.


Klagen er motteken 05.01.2023. som er innafør 3 vekers fristen. Klagen blir teken til handsaming.

Det var søkt om opparbeiding av snuplass og utbetring av om lag 150 meter veg fram til snuplassen. Til dette tiltaket er det berekna tilførte massar med ca. 350 m³ frå masserapport i søknaden. Tiltaket omhandlar og ei endring av bekkeløp som i dag går gjennom fyllinga i snuplassen.

Avslag på søknaden har kommunen grunngjeve med at landbrusknyttan av tiltaket er under 50%. Tiltaket skal då handsamast og fyljast opp etter plan og bygningslova.

Historikk.

For å kunne vurderer motteken klage er det ein fordel å ha litt kjennskap til historikk i tidlegare saker då dei har ein samanheng med vedtaket som klagen omhandlar.



I januar 2020 mottek byggjesak i kommunen førespurnad om førehandskonferanse om massedeponi/tipp i området som vist i kartet. Arealet er ansele til ca.15 daa der det går fram at plan for arealet er at det skal bli dyrka mark i framtida. Det går av referat frå møtet (vedlagt) fram kva regelverk som tiltaket kan vere aktuelt å handsame ein eventuell søknad etter.

Det var og vedlagt faktaark frå Miljødirektoratet M-1243/2018 om mellomlagring og sluttdeponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

April 2020 mottek Osterøy kommune tips om til køyrde til massar i området. Kommunen registrerte etter synfaring at det er køyrd betydelege mengder med steinmassar over eit bekkeløp.

Osterøy kommune skriv brev til grunneigar 27.04.20. der kommunen gjer han merksam på at tiltaket klart er søknadspliktig. Osterøy kommune ber om søknad for å få avklart kva føremålet med deponeringa er og for å kunne ta stilling til kva regelverk som tiltaket skal handsamast etter. Alt arbeid skal stoppast inntil tiltaket eventuelt kan godkjennast etter søknad.

18.05.2020. mottek Osterøy kommune søknad om bygging av 75 meter landbruksveg klasse 3 og utviding av fyllinga som skulle nyttast til velteplass/ sнопlass.

Osterøy kommune avslo søknaden. Avslaget var m.a. grunngjeve med plasseringa av snu og velte plassen som ein vurderte som uheldig med tanke på flaum- og erosjon fare. Dimensjonering av røyr og planar for inntakskum går ikkje fram av søknaden.

Kommunen manglar dokumentasjon på om røyrret som var lagt i fyllinga var dimensjonert med nok kapasitet og om røyrret toler trykket frå så store steinmassar.

Det var vidare vist til at fyllinga heller ikkje ivaretek dei landskapsomsyn som skal vektleggast i vurderinga i søknader om bygging av landbruksvegar på ein god måte.


Osterøy kommune gav råd til søkjar om å kontakte vegplanleggar for å kunne oppnå heilskapsløysingar i skogbilvegnettet då det er ynskjeleg at vegane inngår i ein overordna plan der gjerne fleire skogteigar på tvers av eigedomsgrenser kan nyttegjere seg av felles vegløysingar.

12.06.2020. har byggjesak sendt førehandsvarsel om ulovleg tiltak på landbrukseigedomen gnr. 48. bnr.3. Brevet omhandlar den omtalte fyllinga som i varselet er kalla for massetipp. Det blir i brevet vist til førehandskonferansen 07.02.2020.

Ny søknad.

14.10.2022. mottek Osterøy kommune ny søknad om bygging av landbruksveg. Søknaden er utarbeid av Fan Agro AS slik kommunen råde til i søknaden som vart avslegen 04.06.2020.

Det er søkt om opparbeiding av sнопlass og utbetring av om lag 150 meter av eksisterande veg fram til sнопlassen. Til dette tiltaket er det i masserapport i søknaden berekna tilførte massar med ca.350 m³. Siste motteke plankart viser til køyrd massar med 725 m³ frå P80 og ut mot sнопlassen. Osterøy kommune avslo og denne søknaden. Det er dette vedtaket klagen omhandlar.



Når kommunen får inn søknad om bygging av landbruksveg skal det gjerast vurdering om landbruksføremålet med tiltaket utgjer 50% eller meir. Dersom tiltaket har under 50% landbruksføremål skal søknaden handsamast etter plan- og bygningslova.

I vurderinga vart sakshandsamar gjort kjend med at skogteigen på gnr. 48. bnr. 3. er avverka vinteren 2021 med taubane drift. Det er hogd 1872 m³ på 32,7 daa som det er utbetalt driftstilskott for.

Då det no ikkje lenger er skog att på teigen er landbruksføremålet med søknaden vurdert slik at tiltaket ikkje lenger har eit landbruksføremål og skal handsamast etter plan- og bygningslova.



Biletet er teke oktober 2022 og syner vegen fram mot den omtalte fyllinga. Osterøy kommune vurdert om søkt tiltak med påfylling av massar på vegen slik som det er søkt om ikkje er nødvendig.


Osterøy kommune meina vegen fram til snuplassen har høg nok standar til føremålet den skal tene.

Mindre utbetringar som grusing og vedlikehald av veggrofter kan gjerast utan søknad.



På venstre side av vegen går den omtalte bekken fram mot fyllinga. Det går av søknaden fram at planen no er å legge røyr gjennom vegen i framkant av gravemaskina. Bekken skal då leggast om slik at den renn rundt fyllinga/snuplassen.

Bekken har i store nedbørsperiodar stor vassføring og er uttørka i periodar med mindre nedbør.



Slik det går fram av siste planteikning som kommunen har motteke syner omlegginga av bekkeløpet om lag slik som synt i kartet. Dette viser ei lengde på 64 meter.

Klagen.

Motteken klage er framsett Fan Agro AS på vegne av grunneigar. Klagen er grunngeven med at søkjar ikkje er einig i kommunen si vurdering om at tiltaket ikkje har meir ein 50% landbruksnytte.

Det blir vist til at hogstfeltet som er avverka skal plantast ut igjen innan fristen på 3 år og blir sett på som ein naturleg del av eit høgst løp. Det blir vist til at det i dag står ein del gran i hogstklasse 3 og ca. 700 m³ i hogstklasse 5. på gnr. 48. bnr.3.

I vurderinga meina klagar og at det må takast med i vurderinga at det i alt er 6 grunneigarar som er med i dekningsområdet for vegen og som har tinglyst vegrett.

Landbruksvegen er bygd med landbruk som føremål og når det er teke ut skog og det vert planta ut igjen meina klagar at tiltaket har ein klar nytteverdi for skogbruket i dag og i framtida.

Det er behov for snuplass i enden av vegen som i klagen blir vist til bør ha ein radius på 11 meter. Bekken kan leggest om med små endringar.

FanAgro ser berre føremonar med tiltaket då det vil ha stor nytteverdi for området no og for framtida. Det blir føreslege ein gjennomgang av heile veglinja for å få den oppgradert til ein klasse 4 veg. Alle 6 eigedomane bør vurderast for å få oversikt over ståande m³ skog som er i dei ulike hogstklassene.

Osterøy kommune si vurdering av klagen.

Osterøy kommune er einig med klagar i at vegen har eit landbruksføremål. Det er det om søkte tiltaket med tilføring av nye massar til området som kommunen har vurdert å ikkje ha eit landbruksføremål.

Skogen er avverka på skogteigen og ein snuplass som det er dimensjonert for kan vi vanskeleg sjå at det lenger er behov for.

Skog i hogstklasse 3 og 5 som det blir vist til i klagen og som står att er ikkje kartfesta, men med bakgrunn i kart frå hogsten i 2021 antek kommunen at dette er skog i sør/vestleg del av skogteigen. Grunneigar er med i skogsbilvegen «Rollandsvegen» som denne skogen er ein del av dekningsområde for.

Det blir vist til 6 grunneigarar som er med i dekningsområde for vegen. Osterøy kommune kan ikkje sjå at det er andre ein gnr. bnr. 48/3 og 48/1. som nyttar vegen til skogføremål.

For uttak av skogen på landbrukseigedomen 48/1 når den blir hogstmogen vil ein kunne snu i svingen. Det er såleis ikkje behov for snuplass slik den er dimensjonert med tanke på uttak av skogen som står her.

Kommunen ser at snuplassen nok var nødvendig når tømmeret skulle hoggast 2021, men når dette arbeidet er ferdig er det ikkje lenger behov for tilføre av meir massar til området.

Omlagging av bekkeløpet krev godkjenning frå anna regelverk. Dersom dette kan godkjennast frå vassdragsmyndighetene vil kommunen kunne vurdere å godkjenne fyllinga som snuplass for landbruksvegen slik den no er. Tilføring av meir massar som det er søkt ser ikkje kommunen det er behov for.

Osterøy kommunen har vurdert klagen og grunngevinga for den. Kommunen opprettheld vedtaket i sak 385/22 og sender klagen til Statsforvaltaren Vestland for avgjerd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Martin Ivar Henden
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

48/3 - Klage på avslag om punktutbedring av skogsveg
Klage på vedtak fra kommunen 0401-23
48/3 - Svar på søknad om bygging av landbruksveg med snuplass.
48/3 - Snuplass
Plantegning
48/3 - Landbruksvei snuplass
Plantegning
Oversiktskart
483 - Søknad om bygging av landbruksveg.
Masserapport
48/3 - Rødland - Søknad om punktutbedring skogsveg
Plantegning
Daniel Rolland- Søknad vedlegg
Interessenter og rettighetshavere i skogsvegen
Lengdeprofil
48/3 - Rødland - Underteikna søknad om bygging av landbruksveg
Søknad om bygging av landbruksveg
Tverrprofil 0-10
Tverrprofil 20-30
Tverrprofil 40-60
Tverrprofil 67-80
Tverrprofil 90
Tverrprofil 100
Tverrprofil 102
Tverrprofil 110
Tverrprofil 112.9
Vedtak, søknad om bygging av landbruksveg i 2020
483 - Rolland - Førespurnad om førehandskonferanse for tiltak - mas(480813)
Referat førehandskonferanse 48-3(483708)
483 - Rolland - Massetipp - Førehandsvarsel(514494)

Mottakar:

Statsforvaltaren I Vestland Avd
Førde

Fjellvegen 11

6800

Førde